

NVE
nve@nve.no

Viksdalen, 25. november 2025

Dykkar ref. 202205918

Uttale – Selselva kraft AS, devon og internasjonale forpliktingar til naturtypen

Viser til høyring av søknad om konsesjon for auka slukeevne og regulering av Selsvatnet i Sunnfjord kommune, sendt inn frå Småkraftkonsult AS pva. Selselva kraft AS.

I utdanninga mi og gjennom lang praksis som landskapsarkitekt, har eg god kjennskap til viktige geologiske førekomstar. Selselva ligg i devonfeltet på Vestlandet. Mange i fagmiljøet finn dei områda geologisk minst like lærerike som for eksempel Oslofeltet.


No er fjellområda i offentlege kart berre omtala som «Lite vegetert mark» og med landskapstypene «middels kupert fjellandskap med bart fjell/blokkmark» (LA-TI-I-A-38) og «tindelandskap med bart fjell» (LA-TI-I-A-53). Vidare skriv søkjar i avsnittet 3.6 Terrestrisk miljø at foreslått regulering «minsker sannsynligheten betraktelig for å potensielt påvirke geologiske lokaliteter, ettersom ingen områder legges under vann».

Det er uklart om der kan finnast viktige fossil langs vatnet. Dei har stor verdi og er viktige for å kunne datere området meir presist. Verken «fossil» eller «devon» er omtala i søknaden.

Slik manglande kartlegging utløyser kravet om undersøkingar eller i det minste ei føre-var-tilnærming jf. Naturmangfaldlova §9, som tilseier at NVE pliktar å avslå søknaden, fram til slike verdiar har blitt godt nok kartlagde.

NVE bes ta opp med Sunnfjord kommune og Miljøverndepartementet om området og den særlige naturtypen kan vere aktuelt for registrering jf. Naturmangfaldlova §3 bokstav j: «spesielle typer geologiske forekomster» og jf. §52 bokstav d: «det er internasjonale forpliktelser knyttet til naturtypen» samt eventuelt områdevern jf. kapittel V i lova.

Med venleg helsing



Bård Magnus Fauske
Landskapsarkitekt MNLA, juss-student UiO

Kopi til
Sunnfjord kommune, kommunestyret
Miljøverndepartementet